Det kan også være grunn til å spørre om hva en syntaktisk analyse egentlig går ut på. Skal vi si noe om leddegenes funksjon, dvs. hvilken relasjon de har til andre leddegene på det aktuelle nivået, eller noe om leddegenes struktur, hva de består av, event. gjøre begge deler? Her gjøres begge delene; vi har både en «funksjonsstruktur» der funksjonene angis og en «frasestruktur» der leddegene på vanlig generativ måte karakteriseres på to «nivåer», først som frase og så som ordform. F.eks. analyseres substantivforma «Professoren» som subjekt i en setning som «subst.frase» og «subst.» Men dette er ikke to reelle nivåer, og etter min ingen analyse i det hele tatt, men en syntaktisk klassifisering. En analyse går ut på å dele sammensatte ting i sine enkelte bestanddeler, men det er det ikke tale om her, når man først har isolert subjektet som et *setningsledd*. Et syntagme består ikke av «fraser» eller syntaktiske enheter, verken ordformer eller syntagmer, men av deler, konstituenter eller *ledd* - på flere ni-

våer, slik IC-analysen viser. Ei anna sak er at leddene nødvendigvis består av et «materiale» eller en syntaktisk enhet; et ledd er jo ikke noe annet enn en enhet som *har en viss funksjon* i et syntagme. Og i en syntaktisk analyse er vi primært interessert i hvordan tingene *fungerer*, ikke i hva de *er*. Feks. ber vi her på instituttet ofte studentene om å «forklare kasusbruken» i en norrøn tekst. Å «analyser» f.eks. «á dögurn Haralds konungs hins hárfagra» i «prep. + substantivfrase i dativ + substantivfrase i genitiv» el. l. ville være riktig nok, men uinteressant, og det *forklarer* iallfall ingenting. Her må studentene kunne si noe om *overledd* og *underledd*, *styring* til prep. o.l., men det har de ikke den minste trening i når de kommer til oss.

Avslutning

Styrken til denne boka er at den er teoretisk orientert, problematiserende og åpen for nyere grammatikk. Men det er også dens svakhet som innføringsbok. Hovedinnvendinga mi mot boka er at den er for *stor* og for *avansert*. Morfologien er for problematiserende, og syntaksen er for vanskelig og for nyskapende. Og begge er for lite retta mot *norsk* morfologi og syntaks. Denne boka gir nok «kunnskap om nyere morfologisk og syntaktisk teori», men i bare liten grad «et oversyn over sentrale grammatiske fenomener i norsk». Den fortjener knapt navnet «*norsk*» grammatikk. Nå er rett nok tanken med denne grammatikken å legge seg nær «forskningsfronten». Men samtidig er det ei innføringsbok på et relativt elementært nivå, om jeg har avgrensa leserne rett. Ei slik bok bør et-

ter min mening *ikke* ligge nær forskningsfronten, men heller ligge noe i etterskudd. Især i ei tid da forskningsfronten er i ustanselig bevegelse - og ikke bare framover! Noen ganger er det at og fram og like langt, akkurat som med skjørtelengdene.

Skal en da bare formidle den grammatiske kanon? Nei, men på elementærnivået bør studentene først og fremst gjøres kjent med tradisjonell setningsanalyse slik den drives i *skolen* og i *praktisk språkundervisning* overhodet. En skal selvsagt ikke videreføre uholdbare analyser, og også den tradisjonelle grammatikken bør utvikles ved å ta inn nye begreper og analysemåter. Men de bør for det første være forenlig med den tradisjonelle grammatikken og for det andre være klart bedre enn den gamle analysen. I ei innføringsbok bør de heller ikke presenteres før de event. har «slått igjennom» og blitt godtatt i det minste i breie lag blandt grammatikerne. Her syns jeg allmenningvistene har vært litt for raske til å spre det glade budskap som til enhver tid rår grunnen i «forskningsfronten» - dvs. den dominerende språkteoretiske retninga, for tida generativ grammatikk. En litt mer kritisk vente-og-se-holdning hadde vært på sin plass. Det er uheldig at studentene møter andre begreper og analysemåter i den allmenningvistiske grammatikken enn i enkeltspråksfagene, og at det til dels har dannet seg en kløft mellom den teoretiske grammatikken og praktisk språkundervisning, i både morsmålet og fremmedspråkene. Det er etter min mening til stor skade for begge parter.

Eric Papazian

Til en dansk-norsk Ordbog av Ivar Aasen

J. Bondevik, O. Nes og T. Aarset (red.): *Dansk-norsk Ordbog av Ivar Aasen*. Skrifter fra Ivar Aasen-selskapet. Serie A. Tekster. Nr. 10. Norsk Bokredlingslag, Bergen 2000

Ivar Aasen-selskapet er eit tiltak som har til målsetjing å gi ut upubliserte språkvitskaplege skrifter av Ivar Aasen (ikkje å forveksle med Ivar Aasen-sambandet, som er ein reint målpolitisk «høgnorsk»-organisasjon). Utgjevarane er tre av dei fremste Aasen-ekspertane i landet: førsteamanensis Terje Aarset på Høgskulen i Volda (Ivar Aasen-instituttet) og professorane Jarle Bondevik og Oddvar Nes på Universitetet i Bergen. Så langt er det komme seks band med såkalla «målsamlingar», dvs. ordlistar og grammatikksskisser og -utkast frå reisene til Aasen i 1840-åra og tidleg på 1850-talet. Det blir arbeidd med nye samlingar som skal dekkje dei seinare innsamlingsreisene hans, men imens er eitt av dei siste ufullførte manusa til Aasen utgitt under tittelen *Dansk-norsk ord-*

bog av Ivar Aasen. Den har fått nummeret 10 i serien med tanke på at alt skal nummererast i kronologisk orden.

Tittelen *Dansk-norsk Ordbog* er ikkje dekkjande, og det er ikkje Aasens eigen tittel. Han kalla manuset «Til en dansk-norsk Ordbog». Det er altså ein ufullført kladd vi har å gjere med, ikkje ei ordbok. Bakgrunnen for manuset blir det greidd godt ut om i innleiringa, som er skiven av Jarle Bondevik og Magne Myhren. Manuset er òg utførleg omtala i Venås 1996:290-294 og Walton 1996:592-598.

Meininga var å lage ein sluttstein på det Aasen såg på som hovudverket sitt: å beskrive det norske språket leksikalsk. I 1873 hadde han fullført *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*, der det norske ordtilfanget, dvs. dialektordtilfanget, vart beskrive med definisjonar og forklaringar på det skriftspråket som i praksis var einerådande som fagspråk og vitskapsspråk i Norge den gongen, dansk. Eit tilsvarande verk andre vegen ville vere nødvendig for å kunne bruke dette nynorske språket ak-

tivt på eit høgt nivå, ikkje minst med tanke på at alle utdanna og skriveføre personar hadde den danske ordlegginga fremst i hjernen når dei skulle skrive, og det å finne fram til dei norske orda var ikkje ei enkel oppgåve. Aasen sjølv hadde møde med det.

Som eit første steg utarbeidde Aasen i 1870-åra ei synonymordbok, som først vart trykt posthumt i 1925 under tittelen *Norsk maalbunad*. På grunnlag av den tok han så til med utarbeidinga av ei dansk-norsk ordbok rundt 1880. Det manuset vi har, ser ut til å vere avslutta, dvs. lagt til sides ufullført, i 1883, det året Aasen fylte sytti. Det er nemnt fleire grunnar til at han da la vekk arbeidet utan å gå vidare med det, men den enklaste er nok også den viktigaste: Alderen hadde kravd sitt, og han hadde ikkje lenger krefter til eit så stort arbeid. Manuset vart liggjande i Aasens papir, men kom til nytte for ein seinare nynorskfilolog, Steinar Schjøtt, som realiserte prosjektet med ei stor dansk-norsk ordbok i 1909.

Det Aarset, Bondevik og Nes har gitt ut i samarbeid med Magne Myhren, er altså det manuset Aasen la til sidene i 1883. Det er ei liste med danske ord med nynorske synonym som går heilt ut alfabetet, frå *Aa* til *Ø*. Følgjande vesle utsnitt viser oppsettet:

rummelig, rom, rømeleg; romlendt &c
Rummelighed, Rømd, Romleike
Rumpe, Rauv, Gump, Sete, Rump, Rova, Rumpa, Stert
Rumpetudse, Rovetroll, Rumpetroll; Ropadda
rumstere, v. ruska, tuska, brøta, strumla
rund, adj. rund; kubben. 2) givmild
Runddeel, Runding, Kringel.
rundelig, adv. riklege, romt, flust, drjugom
rundhaandet, storgjæv, romhendt, flus
rundt, adv. rundt, heilt i Kring

Ein del ord er markerte med ein innleiingsparentes ved oppslagsforma, og det er tydeleg dei Aasen såg på som verkelege fremmendord i motsetning til lånord. Nokre døme på det:

(*Proceleyt*, Nymenning, Tilkomning
(*Prostitution*, Skjemming, Skam
(*Protest*, Motmæle, Neitting
(*Protocol*, Innførslerbok, Minneskraa
(*Proviant*, Matraad, Nista, Føderaad
(*Provinds*, Underland, Skattland, Fylke
(*provisorisk*, millombils, braadnøytes?

Mange stader har Aasen spørsmålsteikn ved framlegga sine, og det finst òg døme på at avløysingsordet i tyding passar därleg til det danske ordet – sjølv om ein skal vere varsam med å gå ut frå at orda tydde det same for Aasen som for oss. Her kan det vere mange feilkjelder

– men nettopp dette kan òg vere verdifullt for studiar av tydingsendringar frå 1800-talet til i dag. Trass i dette atterhaldet, meiner eg dette er opplagde døme på «feilkoplingar»:

(*Ritual*, Kyrkjedes, Kyrkjekipnad, Altarbok
Romance, Sògevisa? Kjempevisa, Riddarvisa

Ein faksimile av ei side fremst i boka viser at Aasen skreiv på venstre halvdelen av kvart ark, og heldt høgre halvdelen blank til å føre inn nye ord og anna nytt materiale. Desse ekstrainnførslene er med i den trykte versjonen med skråstrekmakring, t.d. er «bevise», som er ei slik seinare innførsle, markert slik:

bevirke, v. verka, gjera så myket
/bevise, v. prova, fullvitna/
bevogte, v. gjæta, vakta

Utover i boka er det ikkje mykje av slikt, men enkelte ord finn vi, for det meste utan norske synonym – meininga har vore å føre det på ved neste gjennomgang. På dei første sidene er det derimot ein god del fleire slike innførsler, delvis danske oppslagsord utan synonym, delvis nye uttrykk og ordlag. Vi finn òg markeringar av kjønn på dei nynorske substantiva, men ikkje på dei danske – ein klar indikasjon på at ordboka var det vi kallar ei produksjonsordbok: hensikta var å setje brukaren i stand til å skrive på målspråket (ny)norsk, ikkje å forstå eller studere kjeldespråket dansk. Seinare i manuset er det, som vi ser i utsnittet frå *R* over, ingen slike markeringar; dei skulle nok også førast på seinare. Ein liten sekvens frå startbokstaven *Aa*:

Aar, s. *Aar*: i *Aar*: Ad *Aare* /Være til *Aars*, *Aar ud* og *Aar indl*
Aare, s *Aader*, f. 2) *Gaare*, m.
Aare (at roe med), *Aar*, f. (pl. -ar).
Aaregreb, *Aararlom*, m.
aarelade, v. *aaderlata*. *Lade sig a.* takar seg Blod
Aarelader, *Aaderlatar*, *Blodtakar*, m.
/Aarfugl/
/aargammell/
Aarhundrede, *Hundradaarstid*, *Aarhundrad*.
/Aaring?/
aarle, adv. *aarlege*, *tidlege*
/aarlig/

Det ser altså ut som at han har tenkt seg førsteutkastet som eit skjelett, som han så ville byggje ut ved å leggje til både nye ord og uttrykk og vendingar i nye gjennomgangsrundar. I dette revisjonsarbeidet kom han ikkje lenger enn til preposisjonen *af*, der det er ført inn fire uttrykk ekstra. Deretter er det ingen fleire uttrykk, og det er

rimeleg å tru at Aasen om lag på dette punktet innsåg at oppgåva var blitt for stor for han.

Kva kan så dette manuset seie oss i dag? Det er ikkje noko deskriptivt verk, men eit uttrykk for korleis Aasen tenkte seg at landsmålet skulle utvikle seg som eit moderne språk. Mens han i *Norsk Ordbog* og tidlegare verk stort sett avgrensa seg til å leggje fram det ordtilfanget han fann i målføra, går han her eit steg vidare, og lagar nye ord for nye omgrep når han meiner det trengst. Bondevik og Myhren nemner ein del ord på s. XXII i innleiinga som ikkje finst i *Norsk Ordbog*, og det er ikkje usannsynleg at dei er laga (døme: *barnmyki* = høifrukt-sommelig, *Mannkjæta* = Mandgalskab, *Vantrøyste* = Miskredit, *Eintenning* = Narhval, *Synstemna* = Parade, *Flakkestjerna* = Planet, *Avhop* = Sect).

For dei som vil studere Aasens utvikling som normteoretikar og -praktikar, er det verdifullt at manuset er utgitt. Som kjelde til tidleg nynorsk språkbruk kan det ikkje brukast, ikkje ein gong som kjelde til Aasens normering, sidan vi ikkje kan vite kva han ville ha stått fast på og kva han ville ha endra i ei ferdig trykt ordbok. Han var jo svært sjølvkritisk, og mykje i manuset verkar førebels og prøvande. Men det har likevel interesse å studere det med tanke på den seinare utviklinga av nynorsken: Kor mange av framlegga til Aasen fekk gjennomslag, og kor mange fall på steingrunn? Det faktumet at berre få fekk sjå manuset, har naturleg nok avgrensa gjennomslaget, men nokre av orda kom med i Steinars Schjøtts *Dansk-norsk Ordbog* frå 1909, og fekk sin sjanse på den måten.

Ser vi på dei utdrag vi har teke med ovanfor, finn vi ikkje mange ord som vil kunne brukast i dagens norsk. Av orda på *R* er det vel berre *rumpetroll* som var heilt vellykka, og det var eit dialektord som fortengde det danske *Rumpetudse*. *Runding*, *rikeleg*, *flust*, og i litt meir tradisjonell nynorsk *rove*, er kjende ord, dei andre vel ikkje.

Ordet *fylke* er jo komme inn, ikkje som avløysar for *Provinς*, men for *Amt* (på det sistnemnde ordet har Aasen *Lagdøme* med spørsmålsteikn). *Prove* for *bevise* er enno vanleg på nynorsk, like eins *vakte* og i meir spesiell tyding *gjæte* for *bevokte*. Av dei siterte orda på *Aa* kan vi merke oss at Aasen ikkje fann fram til *hundrearå*, som no er det vanlege for *Aarhundrede*; i staden godtok han *Aarhundrad*, som i dag ikkje blir rekna som fullgod nynorsk, ved sida av *Hundradaarstid*.

Ei sak for seg er det at mange av dei danske orda heller ikkje er levande i norsk i dag, verken i nynorsk eller bokmål.

Kan *Til en dansk-norsk Ordbog* brukast som kjelde til nye gode ord i dag? Den som er interessert i sprelske ordframlegg som kastar overraskande lys over eit omgrep, kan nok finne ting å gle seg over i eit verk som dette. Eg avsluttar med nokre spreidde døme. *Borgarseding* for *Civilisation* er eit forpliktande ord, som ein i dag av og til kan stille spørsmålsteikn ved. *Trynemjøl* for *Snus* (rett nok berre antyda i parentes) kunne gjerne takast opp i dag, og kva skal ein seie om *Roteformann* for *Sergeant*? Her har Aasen spørsmålsteikn, og det er nok ikkje «ein formann som rotar» han meiner, men ein «leiar for ei rote» (eller «rode», som er jamstilt form i dag), dvs. ein tropp soldatar. *Leikhush* for *Theater* er i det minste vanleg på islandsk (og nok «heimeavla» der), og *Sturespel* (med spørsmålsteikn) eller *Syrgjeleik* for *Tragedie* var lite vellykka, om enn målande nok. Med *Varmevisar* og *Gradestokk* for *Thermometer* fekk han i alle fall eitt poeng av to, sjølv om vi i dag bruker *gradestokk* og *termometer* om einannan.

Litteratur:

Venås, Kjell 1996: *Då tida var fullkommen*. Ivar Aasen. Novus
Walton, Stephen 1996: *Ivar Aasens kropp*. Samlaget

Lars S. Vikør

Etymologi ved tusenårsskiftet

Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman: *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Novus forlag / Institutt for sammenlignende kulturforskning, Oslo 2000

Etymologi er ein populær amatørsyssel, samtidig som det er eit svært vanskeleg fag for dei som vil drive det seriøst. Dei klassiske norske etymologane er Hjalmar Falk og Alf Torp, som i 1903 og 1906 gav ut tobandsverket *Etymologisk ordbog over det norske og danske sprog*, og deretter sende ut det same verket på tysk i 1910: *Norwegisch-Dänisches etymologisches Wörterbuch*. Seinare kom så Alf Torp med *Nynorsk etymologisk ordbok*, som

rett nok var på riksmaål, men behandla det nynorske ordtilfanget som Aasen og Ross hadde framstilt i dei store ordbökene sine. Den kom i 1919, og da hadde Torp vore død i tre år, men Marius Hægstad fullførte verket saman med Falk.

Etter det skjedde det ikkje meir dei neste åtti åra – anna enn at to av ordbökene kom ut i nye opptrykk rundt 1960 og to igjen tidleg i nittiåra. Begge var svært populære og fekk stor avsetning. Men så kom 2000, og eit par månader før det tjueande hundreåret tona ut, la professorane Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman fram *Våre arveord*, der den nye kunnskapen som hundreåret har skaffa

fram på feltet, skal vere innarbeidd. Det var ei storhending, resultatet av ti års arbeid for dei to forfattarane, og det vart da òg feira på behørig vis.

Boka er på 1142 sider, og av dei utgjer sjølve ordboksdelen 1093 sider. Det kjem ei stutt innleiing og forkortingslister først i boka, og bibliografiar til slutt.

Eg skal først sjå litt på ordutvalet, deretter på artikkelstruktur og innhald.

Forfattarane, som eg heretter kallar BL, skriv i forordet at dei har måttå avgrense ordutvalet for å få høve til å skrive fyldigare artiklar enn det som elles er vanleg i sjangeren. Det har særleg gått ut over avleiningar, rimeleg nok, men òg grunnord som er for vanskelege og uklare. Til gjengjeld har dei tatt med ein del lånord, særleg frå lågtysk, som rett nok kan ha røter i ord som også har funnest i dei tidlegaste stadia av nordisk. Ein del av dei orda som ikkje er oppslagsord, er likevel behandla under andre (beslektta) ord, og slike er særskilt lista opp bak i boka med tilvising til det ordet dei er omtala under.

Det spørsmålet som med ein gong melder seg, er kva eit *arveord* er, og boka gir merkeleg nok verken ein definisjon eller ei drøfting av begrepet. I *Bokmålsordboka* er *arveord* definert slik: «ord som hører til det opphavlige, nedarvede ordforrådet i et språk, t[il] forskj[ell] fra *lånord*». *Nynorskordboka* har nesten same ordlegginga, berre med tillegg av «og *framord*». *Nordisk leksikografisk ordbok* og Valerij Berkovs *Norsk ordlære* nemner ikkje begrepet i det heile, pussig nok.

Definisjonen er ikkje vasstett, for «oppført» og «nedarvet» er relative begrep, noko som til dei grader viser seg i *Våre arveord*. Lånord har det komme inn alltid, om enn omfanget er ulikt i ulike periodar. Ord som i seinmellomalderen var ferske lånord, kjennest i dag som reine arveord for dei fleste. Spørsmålet er altså kor vi skal setje grensa. Seier vi at ord som fanst i urnordisk, er arveord sjølv om dei den gongen var innlånte (som *jam* frå keltisk og *katt* frå latin) – så vil vel alle oppfatte det som rimeleg. Seier vi det var nok at ordet fanst i norrønt før 1300 (så vi får med lånord som *kyrkje*, *prest*, *kjær*, *høfleg*), så vil nok folk flest kjenne det som rimeleg òg, men språkhistorikarane vil alt her leggje inn ein protest. Ein sann etymolog og språkhistorikar vil vel helst oppfatte eit ord som lånt dersom det kan påvisast at det er komme inn utanfrå og ikkje hørte til det eldste germansk eller nordisk. Men problemet kan berre forskuvast; det ligg alltid ein stad langt der borte. Til sjuande og sist er språket vårt nedarva frå dei (antatt) sørøst-europeiske steppefolka som tala «ur-indoeuropeisk». Men det finst mange vanlege nordiske ord som ikkje finst i andre germanske eller indoeuropeiske språk, og mange germanske ord som ikkje finst i indoeuropeisk elles. Det kan da vere gode grunnar til å tru at dei er innlånte for over to tusen år sidan frå

andre språk som dei fjerne forfedrane våre hadde kontakt med, men som i dag er utdøydde og bortgløymde.

Slik sett kan det vere like greitt at BL ikkje legg seg på ein rigid definisjon av *arveord*, men tek det heile mest frå eit praktisk synspunkt. Problemet er at brukaren ofte må lure på korfor dette og hitt arveordet ikkje er med, mens ord som klart blir stempla som lånord, er omtala. Eg har sett gjennom ordutvalet i to bokstavar, L og V, og der er situasjonen slik:

L har 122 oppslagsord. Av dei er dei følgjande femten lånord frå lågtysk: *lene*, *liflig*, *lodd*, *loss*, *losse*, *ludder*, *luft*, *lukke*, *lukt*, *lutter*, *lykke*, *lykt*, *lære*, *lødig*, *lømmel*. V har 92, blant dei desse åtte lånorda: *viae*, *vammel*, *vare* (vere varig), *vegre*, *vemmelig*, *verve*, *vin*, *virke* (verb). Til gjengjeld manglar desse 24 arveorda på L (både som oppslagsord og i det supplerande registeret baki boka): *laft*, *lapp*, *lass*, *lav* (plante), *lave* (ned), *lefse*, *lemen*, *lenke*, *leppe*, *lin*, *liste*, *lite* (på), *litien*, *lort*, *lue*, *lugg*, *lumsk*, *lun*, *lunde*, *lunken*, *lur* (alle tydingar), *lyr*, *låt*, *låve*. Og på V manglar desse seksten: *vagge*, *vagl*, *valen*, *vel*, *vern*, *vitne*, *vogge*, *vom*, *vond*, *vott*, *vrang*, *vred*, *vri*, *vrikke*, *vrimle*, *vrinske*.

No kan ein vise til at somme leksikografar har vore speielt liberale med «arveord»-begrepet; Magne Rommeveit opererer t.d. med nemninga «dansk-tyske arveord» for det som det elles er vanleg å kalle lånord. Forsåvidt kan BL sitt utval «bergast i land» nesten fullstendig om ein legg denne begrepsbruken til grunn. Men spørsmålet om kva kriterium utvalet innanfor denne ramma er gjort etter, blir sjølvsagt ståande like fullt.

Det er elles eit positivt trekk ved boka at ho markerer klart kva i språket som har dansk opphav og kva som går attende på norrønt. Oppslagsformene er på bokmål, men nynorskformene blir oppgitt ved sida av heile vegen, t.d. slik:

ånde m, «det å puste, pust» er i denne formen innlånt fra da. *ånde*, jf. den hjemlige formen i nno. *ande* m. pust (< norr. *andi*) og *Den Heilage Ande*.

I *Bokmålsordboka* er *ånde* ført rett tilbake på norrønt *andi* utan om og men.

No er *Våre arveord* av eit omfang som vil gjere utvinding umogleg om ein ikkje vil lage eit band til og bruke fleire år til på arbeidet. Som BL seier, har dei laga ein annan type ordbok enn den tradisjonelle, eigentleg inga ordbok i det heile, seier dei, men ei samling «artikler om våre eldste ord». Dei skriv altså i vanleg prosa, ikkje den telegramstil- og forkortingsprega ordboksstilen. Likevel blir det svært kompakt og informasjonstett. Eg siterer ein stutt og enkel artikkel:

vik f. «(mindre) bukt, liten fjordarm» er et nedarvet substantiv som har disse formene:

<i>norr.</i> vīk, <i>gda.</i> wīk, <i>gsv.</i> vik	<i>nlsl.</i> vīk, <i>fær.</i> vīk
<i>mnt.</i> wīk(e), <i>geng.</i> wic	<i>da.</i> vig, <i>sv.</i> vik <i>fris.</i> wyk, <i>nl.</i> wijk

Fris. *wyk* og nl. *wijk* betyr «kanal», men i nederlandske forekommer også betydningen «bukt», se NEW (837). Formene reflekterer germ. **weiko-* f. > yngre **wiko-* som er en avledning til det sterke verbet *vike*, dvs. at den oppr. betydningen var «bøyning, bukt(ning)», jf. også mnt. *wike* f. «det å vike unna, flukt», nl. *wijk* «flukt».

Mange av artiklane er i to delar, mens andre, som den ovanstående, manglar den andre delen. Den første delen greier ut om forholda innanfor germansk: Etter ein stutt definisjon eller tydingsindikator får vi ei oppstilling av dei formene ordet har i dei germanske språka, og deretter ei etymologisk drøfting. I mange av artiklane får vi så ei blankline, deretter ein bokl som begynner med «Ieur.». Her kjem så, for dei orda der det er grunnlag for det, ei grundig og stoffrik utgreiing av korleis den aktuelle ordrota opptrer i andre indoeuropeiske språkgreiner, og korleis ein kan rekonstruere urindoeuropeiske røter. Ofte er det diskusjonar om ulike løysingsframlegg; i petit kjem det gjerne ei ekstra drøfting av mindre vellykka teoriar som forfattarane avisir. Det er tillitvekkjande at dei mange stader konkluderer med at etymologien er usikker eller umogleg å finne ut av; i denne bransjen er det mistenkjeleg å ha svar på alt.

Bjorvand er germanist, Lindeman spesialist på samanliknande indoeuropeisk språkvitskap, så det er greitt å sjå kven som har skrive kva. Ein sjeldan gong ser ein det direkte: I artiklane *snø* og *nå* er desse formene brukte i første del, derimot *sne* og *nu* i den indoeuropeiske delen av artikkelen.

Det må seiast at boka ikkje er lett tilgjengeleg for ikkje-fagfolk. I føreordet seier forfattarane at dei vender seg «såvel til leg som lerd», berre lesarane «arbeider seg litt inn i teksten». Der er dei nok *vel* optimistiske. Bjorvands delar vil nok folk kunne lese og forstå utan altfor spesialiserte kunnskapar. Her dreiar det seg om ei språkgruppe utan dei heilt store avstandane mellom språka, og dermed blir heller ikkje graden av abstraksjon uhandterleg. Dessutan gjeld det språk mange av lesarane kan.

Det som står under «Ieur.», derimot, føreset bakgrunnskunnskapar som dei færreste har, og heller ikkje får her i boka. At «fagfeltet er vanskelig med sine mange språk og sine store historiske og geografiske avstander» burde tilseie at lesarane hadde krav på ei meir samla framstilling av dette feltet som ein bakgrunn for ordartiklane. Det er derfor rart at innleiinga er så snau – og så skeiv. Det ser ut til at Bjorvand har ønskt å gi ein slik bakgrunn,

og at vi derfor har fått fire sider om den germanske språkgreina og to av dei viktigaste lydhistoriske fenomena i urgermansktid: den germanske lydforskuvinga og Verners lov. Men så følgjer det ikkje eit ord meir om det verkeleg vanskelege terrenget. Lindeman ser ut til å ha meint at bakgrunnskunnskapar om indoeuropeisk er unødvendige, eller omvendt: at det ville ta altfor mykje plass om han sette i gang. I staden har han valt å gi nokre stutte generelle emneinnføringer i petitavsnitt etter enkeltartiklar, som han så viser til frå andre artiklar. Den sentrale, men svært kompliserte, laryngalteorien er såleis beskriven i artikkelen *ende*, og tilknytte emne under *mager* og *små*. Men dette er ikkje godt nok. Noko oversyn over dei viktige bøyingsstammene og avleiringstypane i indoeuropeisk, som det stadig blir referert til i ordartiklane (på ein svært «innforstått» måte), finst ingen stad det eg kan sjå, grammatiske termar er ikkje forklarte, og sjølvé enkeltspråka er ikkje presenterte nokon stad. Vi får ei forkortingsliste over dei etter innleiinga, men inga oversikt over korleis dei står i høve til kvarandre genetisk, kva tidsrom og geografisk rom dei er knytte til osv. Det verkar som om Lindeman med denne boka har sagt B utan å vilje seie A.

Skulle det vere med ei skikkeleg oversiktsframstilling som kunne gi lesarane dugande knagger å hengje alle dataene og resonnementa på, ville det ha sprengt boka. Så ein får berre oppmøde forfattarane om å lage eit slikt oversynsverk som ei særskild bok, «såvel for leg som for lerd» – kanskje med hjelp av ein «halvlærd», ein enno ikkje altfor spesialisert student, t.d., som kan stille dei rette spørsmåla under skriveprosessen. Dei som har investert i *Våre arveord*, vil truleg med glede bla opp litt ekstra til eit slikt innføringsverk eller «nøkkelen».

Denne kritikken gjaldt framstillingsforma. Innhaldet er gedigent, og legg fram eit vell av stoff frå heile den indoeuropeiske språkverda, ikkje minst språk som var ukjende eller uutforska før få tiår sidan, som hettittisk og tokarisk. Forfattarane legg fram nye etymologiar for ei rekke ord; på bakpermen nemner dei *dag*, *elske* og *sjel* som døme. Dei refererer samtidig dei eldre teoriane så lesarane kan samanlikne. Såleis kjem det fram at mens *elske* tradisjonelt er rekna som ei gammal avleining av verbet *ale* (fostre opp, oppdrette), vil BL føre ordet tilbake til ei urgermansktrot som har betydd «brenne» og er i slekt med *eld*. Det gir jo eit heilt anna syn på ordet og kanskje også på mentalitetar i gammal tid. Men eg skal ikkje referere meir om desse innfløkte forholda her, berre nemne nokre få enklare døme som gir resultat som kanskje vil vere litt overraskande for dei fleste. Dei kan stå som døme på aha-opplevelingar som boka kan gi også til folk som stort sett må nøye seg med å trengje gjennom Bjorvands artikkelbolkar.

Bygg er eit kornslag, men også eit hus. Har dei noko

med kvarandre å gjere? – Ja, det har dei. Dei går tilbake på ei urgermansk rot (rekonstruert **beww-*) som har betydd «dyrke». «Det som er dyrka» er «avling, grøde», i det gamle germanske samfunnet i hovudsak korn. Ordet har snevra seg inn til å tyde «korn», og deretter har det snevra seg inn enda meir, til eitt vanleg kornslag: «bygg». Jamfør at «corn» på amerikansk engelsk tyder «mais». – Den andre tydinga av rota **beww-* har gått i retning av verba «bu» og «byggje», sidan «dyrkning» av eit område i det gammalgermanske samfunnet innebar nettopp det å byggje og bu på det området. Av verbet «byggje» har vi fått substantivet «bygg», altså «noko som er bygd». (Dette siste står ikkje i boka, men er lett å utleie av det som står der.)

Kje tyder «geitekilling». Dette er eitt av dei orda som det er vanskeleg å forklare; det finst berre i nordiske språk. BL konkluderer med at det kan ha oppstått av eit lokkerop e.l., og viser til at også andre husdyr(ungar) har kjæle- og lokkenamn som ikkje følgjer lydlovene, formasteleg nok. Men *kje*, som på norrønt heitte *kið*, har spreidd seg ut i verda, i det minste, i og med at det kom inn i gammalengelsk frå gammaldansk, og i engelsk utvikla seg til å bety «menneskeunge» i forma *kid*. I USA var det i si tid kurant praksis å bortføre ungar som arbeidskraft til plantasjar, det kalla dei «kidnapping», og som vi veit er det blitt det vanlege ordet for bortføring og har, liksom andre gammalnordiske lånord til engelsk (*bag, skåre* osv.), blitt «returnert» til dei nordiske språka. Også *killing* er for øvrig same ordet som *kje*, det er frå norrønt *kiðling* – eit ekstra småvakse *kið*, må det ha vore.

Kjelke kjem av norrønt *kjalki*, som også tyder *kjake, kjeve(bein)*. *Kjake* er same ordet, men har altså mista len. Er dette da det same? Ja, seier BL, for meiane på ein kjelke liknar noko på eit *kjakebein*. Islandsk *kjálki* betyr både «kjakebein» og «sledemei». Det har altså gått slik at *kjakebeinet* har gitt namn til meien, som deretter har gitt namn til heile kjelen. BL opplyser vidare at den opphavlege germanske rota, **kelkan* («*kjeve(bein)*»), er ei utviding med ein *k* av ei anna rot, **kel-*, som dei set i samband med ordet *kjøl* (både på skip og i tydinga «høgdedrag, bergrygg»).

Det får vere nok her. Til slutt skal det seiast at denne meldaren ikkje har kjent seg kompetent til å opponere mot forfattarane i enkeltpørsmål; til det trengst det nok både grundigare og meir tidkrevjande forsking enn det ei melding i dette bladet gir rom for. Ein slår ikkje BL på denne banen utan å stå tidlegare opp enn dei aller fleste. Men ved etymologien til *gutt* legg eg inn ei lita innvending. Dette ordet blir vanlegvis sett i samband med nederlandsk *guit* 'skjelm, skøyar'. BL avviser dette (utan å gi noko særleg overtydande alternativ, sjå sjølve ordartikkelen) med det argumentet at ein i så fall skulle vente eit **gøyt*. Men diftongen i *guit* var dialektal i nederlandsk (i dag standardform), og det fanst andre dialektformer med *u* eller norsk *o*, BL refererer da òg forma *gút* frå friisk, uttala om lag som på nynorsk. I *Norsk Ordbok*, der *gut* blir med i det heftet som kjem ut i år, har vi derfor valt å skrive «mogleg s[a]m[an]h[eng] med ndl. *guit*» om dette ordet. Da tek vi ikkje munnen for full, til nokon kant.

Lars S. Vikør

Nordisk språksammarbeid ved tusenårsskiftet

Språk i Norden er navnet på årsskriftet for Nordisk språkråd og språknemndene i Norden. Artiklene i den siste årgangen, *Språk i Norden* 2000, er særlig konsentrert om ymse aspekter ved det nordiske språksammarbeidet. Storparten av dem har opprinnelig vært holdt som foredrag på årskonferansen til de nordiske språknemndene, som i 1999 ble holdt langt ute på den islandske landsbygda (Höfn í Hornafirði).

Bidraga er som alltid skrevet på det som noen kaller sentralnordiske, andre sentralskandinaviske og etter andre kontinentalskandinaviske språk, mens noen rett og slett sier *skandinavisk* – «og det er jo det det er», som en av Storm Petersens figurer konkluderte en gang etter å ha referert hva *hest* hette på diverse andre språk. For oss som bor her i Skandinavia burde det ikke være noen problem å kalle dansk, norsk og svensk for *skandinavisk* rett og slett; det er jo et faktum at med ei annen politisk historie kunne disse «dialektene» godt ha vært ett «språk» uten

noen som helst slags hermetegn rundt orda.

Det er for øvrig interessant å legge merke til hvilke skandinaviske språk og målformer de ymse artiklene er gjengitt på. De to islandske representantene har valgt hver sitt, nemlig norsk bokmål og dansk. Hilsningstalen på konferansen var dermed på bokmål, et naturlig valg, kan man si; bokmålet har jo med sin norsk-nasjonalt suspekte bakgrunn blitt det nærmest ideelle skandinaviske kompromiss. Den andre islendingen – en kjent språkprofessor – holder seg derimot stort sett til «skoledansken», men med visse interessante «skandinavistiske» (dvs. svenske) innslag som f.eks. *enligt* i stedet for *ifølge*, noe som slett ikke er uvanlig hos islendinger. Om dette er bevisst eller ubevisst, er ikke godt å si. Derimot er jeg rimelig sikker, som det heter på moderne norsk, på at det er et bevisst grep fra hans side når han omtaler dansken *Erik Hansen* og nordmannen *Geirr Wiggen* bare som *Erik* og *Geirr* etter at de først er presentert med fullt navn. Dette

er såpass påfallende for «oss andre» at det nok er ment som et slags takk for sist til skandinavene for at islendinger i utlandet må finne seg i å bli omtalt som f.eks. *Gunnarsson og Jónsdóttir*, noe som etter islandsk navneskikk er rett og slett absurd (*hvilken* sønn og datter av *Gunnar og Jón* er det snakk om?).

Et tysk bidrag er på «nabospråket» dansk og begge de to finske bidraga er som rimelig kan være på svensk. Det er imidlertid symptomatisk at det ene av disse er oversatt fra finsk, mens forfatteren av det andre takker for «språkgranskning av denna text». Vi får her en praktisk illustrasjon av hvor trua den skandinaviske grannespråkskommunikasjonen i dag i Finland; for øvrig ingen stor nyhet for de som kjener litt til de faktiske forhold. Bidraga fra Danmark, Norge og Sverige er derimot sjølsagt skrevet på de respektive språka, og for Norges del er faktisk begge de to bidraga – kryss i taket! – på nynorsk! Dermed fungerer dette heftet som en praktisk avsanning av at nynorsken aldri er synlig i nordiske sammenhenger – her er jo 100 % nynorsk! Men igjen er det kanskje symptomatisk at det her dreier seg om nettopp *språk* – hadde emnet vært næringsliv eller politikk, er det nok dessverre langt mindre sannsynlig at nynorsken hadde fått slippe til. Dermed kan en på en måte si at dette bekrefter et inntrykk mange sikkert har av at nynorsk – og radikalt bokmål – er ei sånn sær greie for «språkfriker» eller hva jeg nå skal kalte oss som interesserer oss for nordisk samarbeid på det kulturelle og språklige området.

Innholdet i artiklene er særlig koncentrert om pedagogiske forhold i vid forstand, der det sentrale spørsmålet er hva som kan gjøres for å forbedre vilkåra for den skandinaviske grannespråksforståelsen. Flere av bidraga er inne på at denne kommunikasjonen i dag kanskje er mer trua enn noen gang, og det gjelder ikke bare i forholdet til finnene, sjøl om det nok er der det er mest akutt – det gjelder også i ganske høy grad islendingene. Og grunnen til at både islendinger og (særlig) finner foretrekker å snakke engelsk framfor «skandinavisk» er både den at de føler at de behersker engelsk bedre, men også den at de føler seg underlegne når de må snakke et fremmed språk

mens skandinavene (dansker, nordmenn og svensker) kan snakke morsmålet: «Detta innebär att de finskspråkiga [...] har ett annat utgångsläge i diskussioner och på möten än de som har mötesspråket som modersmål» (s. 29).

Dette er noe vi alle burde tenke over når vi kritiserer finner og islendinger for manglende nordisk sinnelag når de sier at de foretrekker engelsk som nordisk kommunikasjonsspråk; det er faktisk mye lettere for oss som har skandinavisk som morsmål, og da ganske spesielt for oss nordmenn, som har vært så heldige å havne språklig sett mellom dansk og svensk. Det er nemlig et faktum at vi nordmenn har det aller lettest språklig sett i nordiske sammenhenger. I et av bidraga forteller en kjent dansk professor bl.a. dette:

Min søn har studeret et semester på University of British Columbia i Vancouver. Indimellem slapper han af med et par danske studiekammerater; det er godt at kunne hvile i sit modersmål, at kunne udtrykke sig med alle nuancer, at forstå det underforståede. I en e-mail beskrev han den skandinaviske situation således: norske og danske studerende taler deres modersmål indbyrdes, svenske og norske gör det også, men danske og svenske taler engelsk.

En av de viktigste grunnene til at dansker og svensker ikke lenger greier å snakke sammen, er ifølge samme danske professor «dialekternes svækkede position i de to lande, som har gjort mange uvante med at håndtere sprogvariation.»

Å gå mer konkret inn på hva de enkelte artiklene handler om, ville føre for langt, og jeg har derfor også latt være å nevne ved navn de som har bidradd i heftet. Men den som er interessert i nordiske språkforhold, vil garantert finne mye interessant lesestoff her. Boka kan bestilles fra

Nordisk språkråd, postboks 8107 Dep, 0032 Oslo
tlf. 2242 0570, faks 2242 7676
e-post hauge@sprakrad.no.
Prisen er 90 kroner, som er billig for ei bok på 178 sider.
Arne Torp



Returadresse:
SPRÅKLIG SAMLING
Postboks 636 Sentrum, 0106 OSLO

Innhold

Redaksjonelt 2

Ivar Hundvin: Språk og kultur 3

Arne Torp: Råd om uttale – ikke uttalenormering 4

Ragnhild Sævik: Talemålet på Søre Sunnmøre i endring 5

Eric Papazian: Bygdemål, bymål og bokmål i Oslo-området 8

Bokmeldinger

Eric Papazian: Ny og revolusjonerende(?) norsk grammatikk
(Omtale av Enger & Kristoffersen: *Innføring i norsk grammatikk. Morfologi og syntaks*) 18

Lars S. Vikør: *Til en dansk-norsk Ordbog* av Ivar Aasen 21

Lars S. Vikør: Etymologi ved tusenårsskiftet
(Omtale av Bjorvand & Lindeman: *Våre arveord. Etymologisk ordbok*) 23

Arne Torp: Nordisk språksammarbeid ved tusenårsskiftet
(Omtale av *Språk i Norden 2000*) 26